

# Båtar og bøker på Vaksdal


Tysdag og onsdag i komande veke vert det to kulturarrangement på Vaksdal.

✉ Jan-Egil Dyvik  
jed@vp.no

## Oselvar-foredrag

Forfattar  
**Kjell Magnus Økland**  
presenterer boka  
«Oselvar - den levande båten»  
**tysdag 14. februar kl. 18.00**  
**i arbeidarbustaden Synken**  
**på Vaksdal**

Sal av boka.  
Inngang kr 100,-. Enkel bevertning.  
Arr.: Biblioteket og Vaksdal Vel



Det kjem til å handla om båtar og bøker dei to dagane, fortel biblioteksjef Jan Erik Kolaas.

### Oselvar-bok i Synken

Tysdag er det forfattarmøtet i Synken med Kjell Magnus Økland frå Tysnes. Han skal presentera boka si «Oselvar - den levande båten».

### 550 sider på 12 år

- Forfattaren har jobba med boka si i 12 år, ei bok på nesten 550 sider som kom ut like før jul, fortel Kolaas.

Forfattarmøtet er eit samarbeid mellom biblioteket og Vaksdal vel.

### Favorittekstar i senteret

Dagen etter, onsdagen, er det eit nytt møte i serien Favorittekstar.

- Her er det lokale personar som kjem i biblioteket i senteret og snakkar om litterære tekstar dei set høgt, forklarer biblioteksjefen.

### Haugsnes om Seljestad

Det er Kjartan Haugsnes som tek turen til biblioteket for å snakka om og lesa frå nokre av bøkene til Oddaforfattaren Lars Ove Seljestad.

Seljestad har skrive fem romansar og ei diktsamling.

- Den siste utgjevinga førebels er romanen «Kjære bror» frå 2014, fortel Kolaas.

**TORSDAG**

**9.2.2017**

► VP 6 / KR 25,-

**VAKSDALPOSTEN**

Lokalavis for  
Vaksdal og Modalen  
vaksdalposten.no

